

Klikk her for å skrive inn tekst.

Vår ref.:
24/01559-5

Dato:
05.03.24

Referat frå IDF-møte 26.02.2024

Til stades:

Organisasjonane

Tone Skjerdal LO stat
Gjert Anders Askevold Forskerforbundet FF
Jan Ove Rogde Mjånes Akademikerne AK

Karin Bell Hovudverneombod

Forfall: Parat

Arbeidsgjevar

Tage Båtsvik Organisasjonsdirektør
Helge Skugstad, Direktør økonomi og arealforvaltning
Anette Fristad Avdelingsleiar AHR
Anette Undheim Seniorrådgjevar AHR
Linn Melby Meyer Seniorrådgjevar AHR
Wenche Fjørtoft Seniorrådgjevar AHR referent

SAK 9/24 Revisjon av retningsliner og bruk av arbeidsplassar

Arbeidsgjevar orienterte om bakgrunn. I 2022 vart det satt ned ei arbeidsgruppe med representasjon frå fakulteta, fellesadministrasjonen, tillitsvalde og hovudverneombodet som har utarbeidd retningsliner for tildeling og bruk av arbeidsplassar. Retningslinene vart drøfta med hovudtillitsvalde og hovudverneombod på IDF møte 8. februar 2023, og er justert noko i desember 2023, etter prosess i arbeidsgruppa. Retningslinene har i tillegg vore tema på styremøte 23. november 2023 og 1. februar 2024.

Det ligg no føre eit justert framlegg til retningsliner. Det er gjort justeringar i samsvar med styret sine merknader. Desse vert lagt fram for drøfting i IDF møtet, og vert oversendt styret for handsaming i møtet 7. mars.

Innspel frå organisasjonane

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
HR - Avdeling for
HR

Saksbehandlar
Wenche Fjørtoft
Telefon:
+47 57 67 61 20

Hovudtillitsvalde (HTV) meiner at dette no er blitt ein uklar prosess. Det er uryddig at styret gjer endringar og at dette forslaget er lagt fram for drøfting.

HTV viser her til at mandatet til å utforma retningslinjer er gitt til ei partssamansatt arbeidsgruppe, med tydeleg forankring i organisasjonen. Det blir uklart kven det er som foreslår desse retningslinjene. Kven drøftar dei tillitsvalde retningslinjene med?

I tillegg viser HTV til at fleire av justeringane som no er gjort bidrar til større uklarheit, at dei er blitt detaljerte og at dette vil gjere det meir krevjande å følgje opp for leiarar og tilsettegrupper. HTV støttar prinsippet om fast arbeidsplass for alle tilsette. viser her m.a. til at det vert lagt opp til ein prosess med stor vekt på frivilligheit og involvering av alle partar innanfor dei hovudprinsipp retningslinjene gir. Korleis skal dette handterast, og kva skjer der det ikkje er frivilligheit?

Det blir vidare vist til prinsippet om at tilsette med «høg tilstedeværesle» som hovudregel skal ha fast plass. Det blir uklart korleis «høg tilstedeværelse» skal forståast, og korleis dette i praksis kan følgjast opp i dei ulike einingane/fagmiljøa.

Dei HTV viser til at vi no treng erfaringar på korleis eit avgrensa areal i høve tal tilsette skal handterast. Dei peikar på at dette må følgjast tett opp og det no vert prioritert å støtta opp under dei prosessane som no går, t.d. i arbeidsgruppa for arbeidsplassdeling ved campus Bergen.

Innspel frå hovudverneombod

Hovudverneombodet (HVO) støttar HTV si oppfatning. Dei endringane som er gjort vil kunne gjere det meir krevjande for leiarane å følgje opp.

Frå eit verneperspektiv er det viktig at det ikkje skal vere ei systematisk urettferdigheit mellom tilsette, at nokon får fast arbeidsplass medan andre heile tida må bestille og leite etter ledig plass. Særleg er dette viktig når vi ser på tal tilsette i Bergen i høve til tal arbeidsplassar, fordi prosjektet om arbeidsplassfordeling berre har med tilsette i 50-100% stilling. Men rettferdig treng ikkje å bety likt – vi har ulike arbeidsoppgåver og ulike personlege behov og preferansar som må sjåast på i eit samla bilde når arbeidsplassar skal fordelast og delast. Dei som er sett til å leie er også dei som har best oversikt over tilsette i eininga og som gjerne saman med de tilsette, tillitsvalde og verneombod kjem til den beste fordelinga for heile kollegiet.

[Click here to enter text.](#)